



Notat

Dato: 20.02.2019
Arkivsak: 2019/418-2
Saksbehandlar: HOGHAKT

Til: Fellesnemnda

Frå: Kontrollsjef Hogne Haktorson

Reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune - kontrollutvalet

Bakgrunn for notatet.

Sak om «Utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune» var oppe som politisk sak i Fellesnemnda AU 04.02.19. (PS 6/19) og som referatsak i Fellesnemnda 14.02.19. (RS 5/19).

Me saknar her informasjon om pågåande prosess i kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, og vil gjera merksam på den.

Bakgrunn for prosessen i kontrollutvala.

Underteikna og seniorrådgjevar Roald Breistein hadde 02.01.19. møte med prosjektleiar Rune Haugsdal og seniorrådgjevar Thorbjørn Aarethun.

- Her var me inno mangle tema av relevans for kontrollutvala, ved etablering av Vestland fylkeskommune (VLFK)
- Me vart bl.a. samde om at kontrollutvala skulle laga forslag til reglement for kontrollutvalet i VLFK.
- Det vart bl.a. opplyst om at tal medlemmar i utvalet, var eit av spørsmåla som ville bli drøfta.

Drøftingsmøte i kontrollutvala 11.02.19.

Begge kontrollutvala hadde møte 11.02.19.

- Fire av sakene hadde særskilt relevans for etablering av VLFK.
- Ei av desse var drøftingsak om «Reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune»
- Utvala møttest på video for å drøfta dei fire sakene, før dei fatta vedtak kvar for seg.
- Det vart fatta likelydande vedtak i dei to kontrollutvala i sak om reglement:
 - «Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune vert på bakgrunn av det som kjem fram i møtet beden om å leggje fram forslag til reglement for kontrollutvalet til møte som skal haldast 01.04.2019, eventuelt i møte 06.05.2019.»

Sakshandsaming vidare.

Saksframlegg frå drøftingsmøtet vert lagt ved, for å synleggjera ein del av spørsmåla som var drøfta.

Innspela vil bli konkretisert når kontrollutvala innstiller på reglement. Sidan det føregår to drøftingar parallelt vil eg alt no opplysa om at kontrollutvalsmedlemmane under sams drøfting, i all hovudsak tok til orde for at tal medlemmar burde aukast frå 5 til 7 medlemmar, og eg nemner nokre moment:

- Etter kommunelova av 1992 skal det vera minst 3 medlemmar i kontrollutvala. Våre fylkeskommunar valde å ha 5 medlemmar.
- Av ny kommunelov går fram at minstetalet for kommunar og fylkeskommunar er 5 medlemmar i kontrollutvala. Ein meiner då at det bør vera 7 medlemmar i kontrollutvalet for ein fylkeskommune med 630.000 innbyggjarar, og ikkje minstetalet som og gjeld kommunar på under 1.000 innbyggjarar.
- Dette kan sikra ein breiare diskusjon, der fleire politiske parti deltar.

Døme på andre spørsmål som kontrollutvala vil vurdere:

- Tal medlemmar i kontrollutvalet som bør ha sete i fylkestinget.
- Om kontrollutvalsleiar og nestleiar bør vera blant desse
- Deltaking i fylkestingsseta for kontrollutvalsmedlemmar som ikkje er fylkestingsrepresentant

Avslutning.

- Me kjem attende med innstilling frå kontrollutvala etter ny handsaming der.
- No var det mest viktig å gjera kjent den sakshandsaminga som føregår i kontrollutvala, før alle brikker er lagt i den samla kabalen med reglement og storleik på utval i VLFK.
- Me er kjent med at det er planlagt å ha politisk sak om reglement oppe i Fellesnemnda sitt møte 23.05.19.
- Det er avkonferert med kontrollutvalsleiar og nestleiar i HFK å utarbeida eit notat, og kontrollsjefen i SFFK er orientert.